



# Ole Pedersen,

Reinelv

er ikkje meir i live. Han somna inn i døden onsdag morgen, 14. august og vart gravlagt på Djupvåg gravplass i Sørreisa onsdag 21. august.

Ole Pedersen vart for 7-8 år sia ramma av ei hard skjebne, ein sjukdom — nerve-lamming — som gjorde alle hans framtidsvoner til inkje. Sjukdomen tiltok og let seg ikkje lækja enndå han vitja dei fremste spesialistar i landet. Ingen råd var det, lækjane sto der hjelpelaus og kunde ingen ting gjera

I alle desse åra sjukdomen varte vart han sjøl og meir og meir som eit hjelpelaust barn, enda han var frisk elles.

Godt og samvitsfullt vart han stelt med av søster si, Karen Pedersen, som på ein sær framifrå og kjærleg måte ofra seg heilt for å passe og stelle bror sin. Dei hine søskend gjorde og alt det dei kunde for å hjelpe han på alle måtar. Og stor samhug og hjelp fekk han og av folk i grannelaget.

Ole Pedersen hadde en særmerkt god karakter. Med stort tålmod bar han sjukdomen, aldri hørde ein han klaga eller at han var leid av seg. Han fann seg i motburden som noko han ikkje kunde koma utan om.

Ole Pedersen var son til Peder Aanesen Reinelvmo og kona, Ane, fødd Pedersen Storjord. Han er den tredje av deres 9 barn, som til no er død.

Som unggut byrja han å reise med fiskekjøperfarty frå Sørreisa. Pålitande som han var fekk han stor tiltru av dei han var i tenest hos og elles der han har fore fram. Han arbeidet seinare på fiskebruk i Finnmark, var soleis 13—14 år. hos brødrene Johansen, Tyfjord, til sjukdommen kom og han laut slutte av den orsak. Han var og formann for fiskekjøp på bruk i Båtsfjord for Johs. Johansen, Tyfjord.

Han skulle og nett ta til med bureising heime då sjukdomen gjorde ein slik brått ende på alle planane hans.

Det er vel få som kan skjønna kva det har å segja for ein ung og virkelysten mann soleis å verte stoppa i all sin virkefrang og hjelpelaust verte prisgjeven åt andre si hjelp og omsorg. Ole Pedersen fekk røynt det som ikkje mange har prøvd men han bar si tunge byrd som ein mann utan å syna mismot eller å klage. Det er i grunnen så stort at berre med det har han sett merke etter seg. Fred og guds signing over hans minne.

Tilslutt kom døden så å segja mest heilt uventande. Han hadde vore oppe om dagen som vanleg, var ein tur burt til brørne sine, som bur attmed. Han kom heim og fekk mat og la seg utan at søstra merka noko sær ved ham. Engang utpå morgonen var ho og såg til han da låg han og sov som vanleg. Men da ho hadde vore oppe ei stund og i ottetida atter såg åt han, heldt han på å slokna. Ho fekk varsla brørne og dei andre søskena men då dei kom var det slut.

Men minnet om han vil Gud signe.

En venn.